

Rapport om målbruk i offentlig teneste 2016

Innhald

Om rapporten.....	3
Forklaring til statistikken	3
Resultat frå underliggjande organ.....	3
Nettsider.....	4
Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider).....	4
Sosiale medium	5
Skjema	5
Førespurnader om moglege brot på mållova.....	6
Resultat frå departementa.....	6
Dokument under 10 sider	7
Dokument over 10 sider.....	7
Stortingsdokument.....	7
Sosiale medium	8
Tiltak i 2016	9
Nynorskurs.....	9
Oppdatert øvingsrom for skoleelevar og statleg tilsette på Språkrådets nettsider.....	9
E-læringskurs i nynorsk for statstilsette.....	9

Om rapporten

Dette er det statistiske oversynet over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i staten i 2016. Statistikken er ført på grunnlag av eigenrapportering frå statsorgan til Språkrådet og gjeld sentrale statsorgan, dvs. statsorgan (direktorat, tilsyn, universitet og høgskolar m.m.) som har heile landet som tenestekrins. Målbruken i departementa er omtalt i eit eige kapittel.

Alle sentrale statsorgan skal levere målbruksrapport til Språkrådet, men ikkje alle oppfyller denne plikta. For 2016 bad vi om tal frå 157 statsorgan. Denne rapporten er bygd på svara frå 132 av dei. I tillegg inneheld rapporten tal frå 16 departement, inkludert Statsministerens kontor.

Forklaring til statistikken

Dei sentrale statsorgana rapporterer i faste kategoriar i eit skjema som Språkrådet og Kulturdepartementet har utarbeidd, og leverer tal for kategoriane nettsider, tekstar under 10 sider, tekstar over 10 sider, sosiale medium og skjema. I alle kategoriane utanom skjema er føremålet å finne ut i kva grad statsorgana etterlever det lovpålagde vekslingskravet på 25 %. Skjema skal etter lova liggje føre på både bokmål og nynorsk. I denne kategorien rapporterer statsorgana inn kor mange skjema dei har i alt, og kor mange som er tilgjengelege i begge målformene.

Språkrådet og Nasjonalbiblioteket samarbeider om ei modernisering og forenkling av rapporteringsmetoden, på oppdrag frå Kulturdepartementet. Vi vonar å få til ei digital løysing innan nokre få år og veit at dette vil vere velkome i statsforvaltninga.

Tilsynet med departementa har tidlegare lege hjå Kulturdepartementet, men vart overført til Språkrådet i 2015, med verknad frå og med rapporteringsåret 2014. Dette er såleis det tredje året Språkrådet behandlar tala frå departementa.

Departementa rapporterer i kategoriane dokument under 10 sider, dokument over 10 sider, stortingsdokument og sosiale medium.

Målbruk er meir enn tal, så statistikken er berre ein peikepinn på bruken av og den faktiske jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i staten. Statsorgan som har ein låg nynorskprosent, kan ha mykje nynorsk i sentrale tekstar, slik at det er meir verkeleg jamstilling enn tala tyder på. Like eins kan eit statsorgan med nokså jamn veksling ha mest nynorsk i mindre sentrale tekstar, slik at nynorsken i røynda er lite jamstilt. Mellom anna difor vil Språkrådet i liten grad gi seg inn på å tolke små endringar.

Vi tek atterhald om feilføringar og feilrapporteringar i statistikken.

Resultat frå underliggjande organ


I statistikken for underliggjande organ er prosenttala rekna som vanleg (aritmetisk) gjennomsnitt. Det inneber i praksis at gjennomsnittsutrekninga ikkje tek omsyn til at ulike nettstader har ulik tekstmengd.

Nettsider

På ein gjennomsnittleg statleg nettstad var det i 2016 nytta 14,3 % nynorsk. Det var jamn framgang i denne kategorien fram til og med 2014, men bruken av nynorsk har gått attende i åra etterpå. Vi ser av tala for 2016 at det også dette året var ein svak tilbakegang i bruken av nynorsk, slik det òg var i 2015.

Nettsider er den mest usikre kategorien å måle veksling i. Målemetoden Språkrådet nyttar, eit Google-søk på ordpar, har veikskarar. Dessutan har mange statsorgan store nettstader der mykje av stoffet er lite relevant eller gammalt. Statistikken seier heller ikkje noko om vekslinga i det mest lesne tilfanget på nettstaden, noko som er viktig for den reelle jamstillinga.

Ein kan altså ikkje slå heilt fast korleis stoda er, på grunnlag av denne statistikken aleine, men han er likevel ein nyttig indikasjon.




Nynorskdelen på statlege nettstader, i prosent.

Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider)

Rapporteringskjemaet skil mellom kategoriane «korte tekstar 1–10 sider» og «tekstar over 10 sider». Begge kategoriane inneheld ein god del sentrale publikasjonar av ulik lengd, til dømes stillingsannonser i den eine kategorien og årsrapportar i den andre. Ein del statsorgan oppfyller krava i desse kategoriane.

Det er vanskeleg for Språkrådet å samanlikne tala frå rapportane til statsorgana, sidan det ikkje alltid er dei same organa som leverer rapport kvart år, og heller ikkje like mange, samla sett.

Prosenttala viser eit gjennomsnitt på 19,1 % nynorsk i korte tekstar, og 21,0 % nynorsk i dei lengre tekstane til statsorgana.




Figur: Talet på statsorgan som oppfylte krava i mållova i korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider). Merk at talet på statsorgan som leverer rapport, varierer noko.

Sosiale medium

I gjennomsnitt publiserte statsorgana 14,4 % av meldingane sine på nynorsk i sosiale medium i 2016. Meldingar og nyheiter i sosiale medium når ut til eit breitt publikum. Det er difor særleg viktig for måljamstillinga at vekslinga i denne kategorien er jamn. Tekstane er korte, så terskelen bør vere låg for å skrive på nynorsk, også for statstilsette som kjenner seg utrygge på målforma. Talet har auka fleire år på rad, men utviklinga ser ut til å ha stått så godt som stille siste året.


Språkrådet har tidlegare sett at mange statsorgan ikkje har vore klar over at mållova også gjeld for sosiale medium. Med tida aukar kjennskapen til regelverket, og vi ventar difor å sjå ein auke i bruken av nynorsk i denne kategorien i tida som kjem.



Figur: Nynorsk i sosiale medium, i prosent.

Skjema


2069 av 3628 innrapporterte skjema låg føre i begge målformene i 2016. Dei fleste av skjemaane som ikkje gjorde det, mangla på nynorsk. Talet på innrapporterte skjema varierer mykje frå år til år, og det er truleg ein del feilrapportering. Dei store svingingane i denne kategorien må sjåast i lys av dette.



Figur: Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent.

Førespurnader om moglege brot på mållova

Talet på førespurnader om moglege brot på mållova var om lag det same i 2016 som i 2015. Av dei 64 førespurnadene Språkrådet mottok i 2016, gjaldt 45 eksamen i feil målform. Talet på førespurnader til Språkrådet om moglege mållovsbrot er lågt. Difor er det liten grunn til å rekne med at utviklinga i talet på førespurnader speglar utviklinga i talet på faktiske mållovsbrot. Variasjonane heng i ein viss grad saman med at Språkrådet i periodar har motteke mange førespurnader frå dei same personane.



Figur: Talet på førespurnader om moglege brot på mållova.

Resultat frå departementa


Det er Kulturdepartementet som tidlegare har ført målbruksstatistikken for departementa. Departementet har i si tid berre målt vekslinga mellom nynorsk og bokmål i dokumentkategoriar. Dette er tredje gongen Språkrådet behandlar rapportane til departementa, og andre gongen vi inkluderer målbruken i sosiale medium. Nettsider er ikkje med i statistikken. Statistikken for departementa viser prosenten som vege snitt.

Tala frå departementa for 2016 viser til dels kraftig nedgang i bruken av nynorsk. Mangel på medvit om kva lovverket krev, er ofte skuld i dårlege målvekslingsresultat. Språkrådet ventar at departementa ser på rutinane sine slik at tala for dei komande åra kjem opp mot målet på 25

% att. Det er eit leiaransvar, for både politisk og administrativ leiing i departementa, å syte for å etterleve reglane i mållova om veksling mellom målformene. Språkrådet ønskjer dialog med KUD som ansvarleg departement om korleis departementa kan snu den negative tendensen.


Dokument under 10 sider

Nynorskbruken i dokument på under 10 sider var i 2016 på rekordlåge 13 %. Talet viser ein svært uheldig nedgang.



Figur: Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent.


Dokument over 10 sider



Figur: Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent.

Statistikken viser at bruken av nynorsk i dokument på over 10 sider er i ferd med å flate ut att etter ein kraftig auke i 2015. Mykje av auken den gongen skreiv seg frå teksttilfang knytt til kommunevalet i 2015.

Stortingsdokument




Figur: Nynorsk i stortingsdokument, i prosent.

Stortingsdokument, som omfattar proposisjonar og stortingsmeldingar, er den kategorien der departementa samla sett har pleidd å ha den jamnaste vekslinga. Sett under eitt har departementa vore nær ved å oppfylle krava i mållova dei siste åra, og i 2012 nådde dei målet om meir enn 25 % nynorsk.

Talet for 2015 var på under 20 %, og talet for 2016 er enno lågare (16,8 %). Språkrådet ser med bekymring på tala og tendensen.

Sosiale medium

Departementa rapporterte om berre 4 % nynorsk i sosiale medium i 2015. På bakgrunn av tala frå 2016 ser vi at bruken av nynorsk i denne kategorien no har stige til 8,1 %. Språkrådet meiner framgangen kan kome av betre informasjon om lovkrava blant dei tilsette i departementa. Dei aller fleste departementa nyttar både Facebook og Twitter. Bokmål er framleis nesten einerådande, og mange nyttar dessutan heller engelsk enn nynorsk, men vi håpar den positive utviklinga vi no ser, held fram i åra som kjem.



Figur: Nynorsk i sosiale medium, i prosent.

Tiltak i 2016

Nynorskkurs

Det er godt driv i Språkrådets kursarbeid: Det vart halde 20 skreddarsydde nynorskkurs for sentrale statsorgan i 2016, og 31 statsorgan hadde deltakarar på Språkrådets opne dagskurs i nynorsk. I nynorskkursa (éin til to dagar) blir hovudvekta lagd på formverk og ordval fordi dette er den mest effektive måten å betre nynorskkompetansen på. Forbetring av tekstar deltakarane har skrive sjølve, er ein sentral del i kursa. Etterspurnaden etter nynorskkurs har auka dei siste åra, truleg på grunn av meir og betre marknadsføring.

Oppdatert øvingsrom for skoleelevar og statleg tilsette på Språkrådets nettsider I 2012 laga Språkrådet eit øvingsrom på nett med kartleggingstest, oppgåver og ein minigrammatikk. Øvingsrommet vart oppdatert i 2016 etter ein grundig gjennomgang.

I oppdateringa er utforminga gjort meir brukarvenleg, og overflødig informasjon og funksjonalitet er fjerna. Det er lagt til ein kortare og enklare kartleggingstest, men elles er innhaldet uendra.

E-læringskurs i nynorsk for statstilsette

Gjennom 2016 har Språkrådet arbeidd med eit nytt nettkurs i nynorsk for offentleg tilsette. Kurset vart lansert i juni 2017. E-læringskurset har modular med ulike tema og innhald som Språkrådet veit er utfordrande. Modulane er oppbygde med ein introduksjonsfilm, deretter reglar og oppgåver og ei hugseliste til slutt. Det tek om lag 45 minutt å gå gjennom kurset.

Hovudmålgruppa for kurset er alle statstilsette som skriv tekstar som det skal rapporterast om etter mållova, spesielt nyttilsette i staten, saksbehandlarar og kommunikasjonsfolk. Kurset er lagt opp slik at det kan vere relevant også for andre offentleg tilsette, m.a. i kommunesektoren, og for andre som skal skrive nynorsk.

Hovudmålet med e-læringskurset er at brukarane skal kjenne seg tryggare på å bruke nynorsk i arbeidskvardagen. Kurset gir difor viktige råd og reglar og anna som gir meir innsikt i korleis ein kan jobbe godt med nynorsk i staten.

Språkrådet har utvikla kurset i samarbeid med leverandøren Mediafarm AS. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), som er statens fagmiljø for kompetanseutvikling i forvaltninga, er med og finansierer kurset som ein del av satsinga «På nett med læring».